



www.kvinnherad-energi.no

Kvinnherad Energi AS er eit moderne energiselskap som driv produksjon, omsetning og distribusjon av kraft, samt utbygging av fibernett, og er eigd 100% av Kvinnherad Kommune. Bedrifta har 28 tilsette og ei årleg omsetning på 110 mill. NOK. Administrasjonen ligg i Dimmelsvik, 6 km sør for Rosendal. Samla årsforbruk i nettområdet er ca 150 GWh. Tal på nettkundar er 6500. Kvinnherad Kommune har om lag 13 500 innbyggjarar og ligg vest for Folgefonna på sørsida av Hardangerfjorden, med Rosendal og Husnes som sentra. Kommunen har gode kulturtilbod og ein flott natur med gode vilkår for friluftsliv.

ADMINISTRERANDE DIREKTØR

Vår administrerende direktør gjennom mange år går no av med pensjon, og me søker hans etterføljar til å vidareutvikla Kvinnherad Energi AS til beste for eigaren Kvinnherad Kommune og lokalsamfunnet.

Stillinga krev ein initiativrik og handlingsorientert person med gode strategiske evner, og forståing for samspel mellom politikk og næringsliv. Me forventar ein leiar som er i stand til å motivera og vidareutvikla ein fleksibel og framtidsretta organisasjon. For å lukkast i stillinga vil gode eigenskapar innan samarbeid og kommunikasjon, ved sida av ei positiv og forretningsorientert haldning vera avgjerande.

Søklar må ha høgare relevant teknisk utdanning og leiarerfaring, gjerne frå konkurransesett verksemd. Sakkunnig driftsleiar, erfaring frå, eller kjennskap til energisektoren vil vera ein stor fordel.

Til gjengjeld kan me tilby konkurransedyktige lønsvilkår og ei utfordrande leiarstilling i ein organisasjon med mange dyktige medarbeidarar.

Nærare opplysningar om stillinga kan du få ved å kontakta vår rådgjevar Jan Tveit hos Headvisor tlf. 97 53 99 90.

Opplysningar kan også gjevast av styreleiar Lars Magnar Bjelland, tlf. 99 52 08 13, eller adm.dir. Terje Enes, tlf. 91 73 00 25. Alle spørsmål til Headvisor vil bli handsama fortruleg.

Søknad med CV vert å senda kandidat@headvisor.com innan 30. juni 2010.

